

Flyttelasset

Feiearen Finkel flytter med heile sin jordiske stas.

Han har steinty, blekkfat og bytter, og blomstrete koppar og glas
han har stolar av plysj frå den gongen då prisane nærma seg null,
og eit stort skilderi utav kongen, i lister av puraste gull.

Finkel med kjerring og ungar ber ut sine ting i lag.

På lasset ligg spraglete dunger av alle dei sorter og slag,
som som bolster med skrøpeleg sping i, ei vogge som nettopp er tom,
og ein strisekk med tøler og ting i, som berre fru Finkel veit om.

Øvst troner ektesengja, på skap som ein tom fabrikk.

”Ho var trofast i tenesta, den, ja,” mullar Finkelman stilt, med ein nikk.

”For om arbeid og inntekter stogga, i alle dei år eg var gift,
heldt dei ut, både sengja og vogga, og var alltid i aukande drift.”

Sameint og trutt dei balar og ber på dei blankslitne ting.

Den eine på trestampen halar, den andre med torgtaska spring.

Ei rose om nyleg er sprotta ber Pittermann ut i sin arm,
og den minste kjem etter med potta, hjulbeint og pustande varm.

Lasset er surra, og hesten skrid frem utan uro og hast.

Den minste får køyre, men resten går varsamt attmed og held fast.

Trippande, ryggrak og spinkel kjem far deira annsam til sist.

Heil deg, feiearen Finkel, fattige, grå optimist.